


# Vennskapsvise

Den gamle skjærslipers forårssang / Madonnavisa

Ei vennskapsvise vi her vil sjunge  
til mjuke toner i moll og dur.  
For vennskapsgleda den evig unge,  
for vennskapsfylgle på livslang tur.

Så lat oss stanse og gje kvarandre  
ei lita stund på vår travle veg.

I vennskapshagen der skal vi vandre,  
der vil eg plukke ein blom med deg.



Eit vennskap er som ei kaldskjær plante,  
Det trengs i omsorg mot vær og vind.  
For uten stell vil den stå og skrante,  
i einsemd falme og turke inn.

Ta vel imot når vi nå vil takke deg,  
kjære venn som er her vår gjest.  
Og til vår kvardag vi går attende,  
med glade minner frå denne fest.

